

24 MAJ 1995



# FISKERIRETTLEIAREN I HERØY MØRE OG ROMSDAL



# ÅRSMELDING 1994

FISKERIRETTLEIAREN I HERØY  
 BOKS 105  
 6090 FOSNAVÅG

TLF. 700 89908  
 FAX. 700 89733

### ÅRSMELDING 1994

#### Innhald:

Forord	s 3
1.0. Kart over rettleiardistriktet	s 4
1.1. Nemnder og styrer for perioda 1992-95	s 5
2.0. Innleiing og samandrag	s 7
3.0. Sysselsetjing i næringa	s 9
a) Fiskarmanntalet/antal fiskarar	s 9
b) Sysselsetting i fiskeindustrien, redskapindustrien og i oppdrettsnæringa	s 10
c) Anna sysselsetting	s 10
4.0. Fiskeflåta	s 11
4.1. Merkerregisteret	s 11
4.2. Flåtesamansetning - konsesjonar/spesielle fiskeløyve	s 12
4.3. Fiskeriaktivitet	s 12
5.0. Fiskeindustrien	s 13
6.0. Råstoffsituasjonen - ilandført kvantum	s 13
7.0. Oppdrettsnæringa	s 14
8.0. Service for fiskerinæringa	s 16

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Herøy er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya, og dei store øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har totalt 540 øyar, holmar og skjær, og ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1994/95 hadde kommuna eit folketal på 8.220. 6 av dei 8 større øyane er no knytte saman med bruer som gjer det lett vint for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg der kommuneadministrasjonen ligg.

Rettleiarkontoret ligg i Fosnavåg. Det er rimelig god plass med 2 kontor og eit mindre arkivrom. Fiskerinemnda har sine møter på kontoret. Kontoret er rimelig bra utstyrt kontorteknisk.

Av hensyn til, og for bedre kontakt med brukarane, hadde det vore teneleg med eit meir sentralt plassert kontor liggjande mot hamneområdet. Dette vil verte vurdert seinare.

I meldingsåret har Svein-Arne Leine vore tilsett som fiskerirettleiar frå 1. mars. Johnny S. Kvalsund har vore tilsett som kontorfullmektig utan stillingsheimel. Stillinga har vore delt finansiert gjennom Fiskeridirektoratet, Arbeidskontoret og Herøy kommune som har stått som arbeidsgivar.

Fiskerinemnda hadde i løpet av meldingsåret 5 fiskerinemnds-møter. I tillegg vart det avheldd 19 minimøter. Sakene herfrå er seinare framlagde for nemnda for godkjenning. Totalt vart det handsama og protokollført 63 saker, samt 77 referatsaker.


Ved kontoret vart det etter februar månad i meldingsåret journalført 804 utgåande skriv, samt 603 inngåande skriv. Kontoret har hatt ein god kontakt med kommuna og dei ulike etatane.

I ei sovidt stor fiskerikommune har rettleiarkontoret ein viktig funksjon i samband med service og forvaltning overfor heile fiskerinæringa i kommuna.

Besøk og kontakt ved kontoret gjenspeglar dette.

Fosnavåg, den 3. mai 1995

S.A.Leine





1.1. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODEN 1992 - 95.Herøy Fiskerinemnd:Medlemer:

## Krf:

1. Arnt Leinebø, 6094,  
Leiar

## Ap:

1. Reidar Hole, 6090,  
Nestleiar

## Sp:

1. Hans Sande, 6095,

## V/SV:

1. Stig Remøy, 6094,

## H/Frp./Herøylista:

1. Knut Arne Høyvik, 6070,

Pers. varamedlemer:

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Randi Ervik Berge
3. Målfrid Båtsvik
4. Janne Remøy Endresen

1. Svein Rune Smådal
2. Harald Hansen
3. Jonfred Kvalsvik
4. Hjørdis Sævik

1. Herdis Nerland
2. Hans Petter Leine
3. Liv Norunn Remøy
4. Kjartan Berge

1. Odd Magne Skotnes
2. Bård Remøy
3. Margrethe Kvalsvik
4. Jan Skorpen

1. Harald Sævik
2. Sissel Frøystad
3. Ingolf Sævik
4. Einar Storøy

Fiskarbankens Takstnemnd:Medlemer:

Arnt Leinebø, Leiar  
Anfinn Moltumyr  
Odd Sævik (motorkyndig)

Varamedlemer:

1. Stig Remøy
2. Einar Storøy
3. Knut Sævik
4. Magne Nærø
5. Alf Nerland

HERØY HAMNESTYRE:Medlemer:

## Ap:

1. Jonfred Kvalsvik
2. Bodil Notøy

## SV/V:

1. Øystein Ø. Goksøyr (leiar)

## Krf:

1. Knut Sævik
2. Paul Harald Leinebø

## Sp:

1. Palmar Kleppe

## H/Frp./Herøylista:

1. Magne Sævik (nestleiar)
2. Marit Skogen
3. Paul Reite

Varamedlemer:

1. Harald Hansen
2. Runar Stave
3. Leif Lervik
4. Inge Nærø
5. Lars Harald Moltustøl

1. Rolf Sivertsen
2. Jostein Kvalsvik
3. Gudbjørg Dale
4. Terje Lindal

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Arne Jøsok
3. Paul R. Kvalsund
4. Arnvid Tarberg
5. Hilda Pareliussen

1. Oddbjørg Remøy
2. Ragnvald Vågsholm
3. Hans Sande
4. Alf Nerland

1. Jan Magne Kvalsvik
2. Einar Storøy
3. Otto Myklebust
4. Hilde Nærø
5. Rigmor Voldnes
6. Knut Tandberg

## 2.0. INNLEIING OG SAMANDRAG:

Herøy kommune vert i mange samanhengar nemnt som den største fiskerikommuna i landet. Dette kjem sjølvstøtt an på kva slags mål ein legg til grunn.

Ein kan nemne ulike parametere som:

Antal aktive fiskarar, antal fiskefartøy, ilandbrakt kvantum og verdi av dette, motteke kvantum og omsetning i fiskeindustrien.

Ser ein dette i ein total norsk fiskerisamanheng og ikkje minst i forhold til storleiken på kommuna, kan ein trygt fastslå at Herøy er landets største og mest fiskeriavhengige kommune.

Fiskeflåta i Herøy er stor og variert. Heile 29 av fartøya er pr dato over 30 m. Ingen andre kommuner kan vise til så mange større fartøy.

Desse utgjør nesten 1/4 av fartøya over 30 m i Møre og Romsdal.

Også når det gjeld antal aktive fiskarar peikar Herøy seg ut. Som følge av oppdatering av manntalet med strengare kriteriar for å få stå registrert, vart antal fiskarar på blad B noko redusert i 1994.

Ved utgangen på 1994 var ca kvar 5. mannlege person mellom 16 og 66 år registrert som aktiv fiskar.

I tillegg veit ein at eit stort antal personar som tidlegare var fiskarar no er tilsette i kystvakta, oljeverksemda til havs eller i skipsfarta. Blant desse er det svært mange som er rekrutterte frå og nær tilknytt fiskeindustri.

Fiskeindustri og dei øvrige sjøretta næringane utfyller kvarandre, og medverkar til ei allsidig maritim miljø- og kompetanseoppbygging.

Det må ein seie er grunnlaget for Herøy kommune sin unike og sterke posisjon i fiskerisamanheng.

I 1994 kom førstehandsverdien frå flåta i Herøy opp i ca 482 mill. kr. ( Skipsregnskap A/S). Dette er ein auke på vel 15 % samanlikna med året før. Alle flåtegrupper kom ut med eit bedre resultat enn i 1993.

Det vart landa fisk til fiskeindustrien i Herøy for nesten 400 million kroner i førstehandsverdi. Dette er vesentleg meir enn i 1993.

Fiskeindustrien i kommuna har vore i sterk vekst både innan torsk- og sildesektoren.

Herøy Fiskeindustri A/S tok åleine mot ca 40.000 tonn sild og makrell til konsumformål. I torskesektoren var Sunnmørsfisk A/S desidert størst med eit mottak på meir enn 20.000 tonn.

Oppdrettsnæringa innan lakseproduksjon har arbeidd tungt ein del år. To av oppdrettskonsesjonane var under rehabilitering i 1994, og ein ventar auka drift på desse i tida som kjem.

Stolt Seafarm sitt kveiteoppdrett på Mjølsteinneset er no inne i sterk ekspansjon, og ein forventar etter kvart gode resultat.

Kystsonenplanen som no er under slutthandsaming vil forhåpentlegvis gje oppdrettsnæringa i kommuna akseptable rammevilkår når det gjeld lokalitetsspørsmål.

Servicemuligheitene til flåta og industrien både på redskaps- og utstyrsida er relativt bra utbygd i kommuna. Ei rekke større og mindre rekneskaps- og administrasjonskontor utfører viktige funksjonar for flåta.

Med utgangspunkt i fiskarmanntalet og innhenta data frå ulike fiskeritilknytt verksemder i kommuna, kan ein setje opp ei slik sysselsetjing for 1994:

-fiskarar med fiskeri som eineyrke:	548
-fiskeindustrien (årsverk):	282
-reidskapsindustrien (årsverk):	82
-oppdrettsnæringa (årsverk):	23
<hr/>	
-SUM	<u>935</u>

Bak årsverka i fiske- og reidskapsindustrien står det mange deltidstilsette, og då i hovudsak kvinner.

Innanfor øvrige serviceverksemder og i avledda verksemder frå fiskerinæringa, er det heil rekke årsverk som klart kan seiast å vere heilt avhengig av fiskerinæringa.

Ein skal ikkje gjere forsøk på å kvantifisere dette, berre konstatere betraktningar gjort av andre og som seier at 1 arbeidsplass ombord i fiskeflåta skapar 3-5 arbeidsplassar på land. Med dette som utgangspunkt kan den enkelte sjølv gjere seg tankar omkring betydninga fiskeria har i vår region.



### 3.0 SYSSELSETTING I NÆRINGA.

#### A) Fiskarmanntalet/antall fiskarar:

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i Norge og som har fiske og fangst som yrke.

Manntalet står sentralt når det gjeld rettar eller spørsmål om sosiale stønadsordningar for fiskarane. Manntalet er "billetten" fiskarane må ha for å kunne ta del i tilskot, kvotar, sjukeløn, A-trygd, garantilott og liknande.

Fiskarane vert registrert på 2 ulike "blad" i manntalet. På blad B fører ein dei som ein reknar med vil få minst 20 veker aktivitet i fiske og fangst. D.v.s. personar som har fiske og fangst som hovuderverv.

Personar som p.g.a. alder har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uføretrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til å stå på blad B, vert førde på blad A.

Tab.1. Utviklinga i antal fiskarar i Herøy på blad B inndelt i aldersgrupper, og på blad A for åra 1984 til 1994:

	BLAD B						BLAD A	TOT
	<21 år	21-30	31-40	41-50	> 50	Tot	Tot	A+B
1984	53	203	126	100	121	603	76	679
1985	71	199	117	99	109	595		
1986	70	235	149	103	119	676	91	767
1987	74	256	153	108	121	719	92	811
1988	101	241	157	107	107	713	93	806
1989	101	218	135	92	83	629	105	734
1990	51	253	120	95	97	618	126	744
1991	59	235	144	100	120	658	126	784
1992	66	203	128	98	117	612	84	692
1993	50	200	134	108	108	600	87	687
1994	30	174	141	100	103	548	88	636

KILDE 1993: Fiskarmanntalet

Det er framleis god rekruttering til fiskerinæringa i Herøy.

Nytilmeldingar til fiskarmanntalet dei 4 siste åra:

<u>1991</u>	<u>1992</u>	<u>1993</u>	<u>1994</u>
45	50	43	43

Det har vore ein viss nedgong i antal registrerte fiskarar på blad B frå 1993 til 1994. Dette skuldast i hovudsak revisjon av manntalet som følge av manglande premiebetaling til pensjonstrygda for fiskarar. Det har ikkje skjedd ein faktisk nedgang i antal fiskarar, men kun ei oppdatering slik at manntalet no berre inneheld reelle fiskarar.

#### B.Sysselsetting i fiskeindustrien, redskapsindustrien og i oppdrettsnæringa.

I kommuna har vi 11 fiskeindustribedrifter. Innan redskapsindustrien har vi 2 notbøteri og 2 redskapsfabrikkar. Dessutan har vi 4 matfiskanlegg for laks og aure i sjø, 1 settefiskanlegg og 2 landanlegg for kveite og piggvar.

Tab.2. Utvikling i sysselsetting (årsverk) innan fiskeindustri, redskapindustri og oppdrett i åra 1990 til 1994:

<u>ÅR</u>	<u>FISKEINDUS.</u>	<u>REDSKAPSINDUS.</u>	<u>OPPDRETT</u>	<u>TOTALT</u>
1990	228	60	25	313
1991	204	68	25	297
1992	209	95	24	328
1993	255	76	23	354
1994	282	82	23	387

#### C.Anna sysselsetting:

Fiskerinæringa i kommuna er grunnlag for store ringverknader på land. Kontoret har ikkje gjort forsøk på å kvantifisere anna sysselsetting med direkte eller indirekte tilknytning til fiskerinæringa.

Men det må vere heva over einkvar tvil at denne er betydeleg. Jamfør handelstanden, ulike utstyrforretningar og ulike verksemder som yter service til fiskeflåten og fiskeindustrien.

Omfanget til fiskerinæringa i Herøy gjer at sysselsettingseffekten også er stor for nabokommunane og for andre strøk av landet.

#### 4.0. FISKEFLÅTA.

##### 4.1. Merkerregisteret:

Flåtestrukturen har siste åra vore nokonlunde stabil, men med ein viss auke av mellomstore sjarkar og havfiskefartøy.

I 1994 har vi hatt ein netto avgang på 29 fartøy. I stor utstrekning gjeld dette fartøy under 10 m, og då i hovudsak fartøy som ikkje har vore nytta til ervervsmessig fiske dei siste åra.

I meldingsåret fekk vi ein netto tilgang på 4 fartøy over 30 m; 2 ringnotbåtar, 1 bomtrålar og 1 sei-reketrålar.

Ved siste årsskifte var ca 1/3 av fiskeflåta i kommuna over 10 m. Av desse var vel 38 % over 30 m. Vel 79 % av fartøya er bygde etter 1970.

Tab.3. Fiskeflåta i Herøy pr 31. des 1994:

Lengde	Avg.	Tilg.	Sum	Før						Etter
				1940	40-50	50-60	60-70	70-80	80-90	1990
< 10m	39	8	151	1	-	8	19	72	49	2
10-15m	2	1	42	-	-	1	2	9	27	3
15-20m	-	-	3	-	1	-	-	1	1	-
20-30m	1	-	2	1	-	1	-	-	-	-
> 30m	1	5	29	1	-	6	6	7	8	1
Sum:	43	14	227	3	1	16	27	89	85	6

Kilde : Merkerregisteret.

#### 4.2. Flåtesammensetning - konsesjonar/spesielle fiskeløyve.

I 1994 hadde flåta i Herøy fylgjande konsesjonar/spesielle fiskeløyve:

Ringnot: - 15 fartøy med gj.sn. konsesjonskapasitet på ca 10.530 hl. Gjennomsnittleg konsesjonskapasitet er noko mindre enn i 1993, men til gjengjeld er antal fartøy auka frå 13 til 15.

Frysereketrål: - 3 fartøy.

Torsketrål: - 1 fartøy, som i 1993.

Bomtrål: - 1 fartøy.

Nordsjøtrål/industrietrål: - 6 fartøy. Det same som i 1993.

Fartøykvote torsk: - 42 fartøy. Dette er 3 fartøy færre enn i 1993.

Flåta i Herøy er brei samansett både når det gjeld fartøystorleik og i driftsform. Dei fleste viktigaste driftskategoriane i norsk fiskerinæring er representerte i herøyflåta. Det store innslaget av moderne havgåande fartøy innan ulike fiskeri, saman med ei oppgradert og moderne kystflåte, er med på plassere Herøy blandt dei desidert største fiskerikommunane i landet.

Kun 3 kommunar har fleire heilårsdrevne fiskefartøy over 13 meter enn Herøy. Ingen andre kommunar har fleire fartøy over 30 meter enn Herøy. Dette understreker kommuna sin sterke posisjon, og då spesielt på havfiskesida.

#### 4.3. Fiskeriaktivitet:

Ringnot er den dominerande flåtegruppa i kommuna. Herøy og Austevoll er dei 2 største ringnotkommunane i landet.

I Herøy har vi ca 15 % av samtlege ringnotfartøy i landet. Ringnotflåta i kommuna er moderne og oppgradert, og det ligg føre planar om ytterlegare opprustning gjennom nybygg og kjøp av nyare fartøy.

Ringnotflåta hadde eit svært godt år i 1994. Dette kan ein tilskrive eit svært godt makrell-og kolmulefiske.

Også innan dei andre flåtegruppene har vi ei moderne og oppgradert flåte. 1994 vart eit svært godt år for dei aller fleste driftsformer.

#### 5.0.FISKEINDUSTRIEN.

I kommuna er det totalt 11 anlegg for mottak og foredling av fisk. Vi har anlegg som driv med hermetikk, røykeri, mjøl-/oljeproduksjon, fryseri, lakseslakteri, konvensjonell produksjon, etc.

Fiskeindustrien i kommuna har totalt sett hatt ein sterk ekspansjon siste åra.

Auken har vore spesiell stor på fiskeslag som sild, makrell, sei og torsk.

Få andre næringar kan vise til tilnærma same vekst.

Kun 3 kommunar på landsbasis kan vise til større mottak av fisk i kvantum i 1994. Når det gjeld førstehandsverdien av landa fangst i 1994 er vår kommune på 5. plass. Omsetninga frå fiskeindustrien i 1994 var på mellom 700 og 800 millionar kr.

Fiskeindustrien har konkrete planar om ytterlegare utvikling og utviding. Imidlertid kan denne veksten verte hemma av vanskar med å framskaffe tilstrekkeleg nok kvalifisert arbeidskraft.

#### 6.0. RÅSTOFFSITUASJONEN - ILANDFØRT KVANTUM.

Herøyflåta hadde eit nytt toppår i 1994, og oppnådde eit resultat på ca 482 mill. kr. i førstehandsverdi (Skipsregnskap A/S). Dette er det beste resultat for herøyflåten nokon gong, og understrekar kommuna si solide stilling i fiskerisamanheng.

## FANGSTUTVIKLING I MILLION KRONER:

	1990	1991	1992	1993	1994
Ringnot	164	183	201	235	261
Reke/torsketrål	93	87	80	94	114
Line, garn, snøre, kystnot o.a.	46	61	61	58	65
Nordsjøtrål	27	38	35	31	42
<b>Sum</b>	<b>330</b>	<b>369</b>	<b>377</b>	<b>418</b>	<b>482</b>

Kilde: Skipsregnskap A/S.

Av tabellen går det fram at ringnotbåtane stod for ca 54 % av fangstverdien til herøyflåta.

For rekeflåta var fiske ved Grønland og på Flamich Cap viktigast.

Den konvensjonelle flåta innan torskesektoren hadde eit svært godt år. Det same med nordsjøtrålarane.

I fylje innhenta kvantumsoversikt frå fiskeindustrien i Herøy, hadde denne eit mottak på meir enn 180.000 tonn i 1994. Dette tilsvarar ca 30 % av kvantumet i Møre og Romsdal, eller meir enn 7 % av totalt landa kvantum i Norge.

I kvantum og verdi ligg Herøy berre litt bak Finnmark fylke når ein ser bort frå landingane til utanlandske fartøy.

Førstehandsverdien på fisk frå flåta i Herøy representerer meir enn 6 % av den totale førstehandsverdien frå norske fiskeri.

#### 7.0. OPPDRETTSNÆRINGA.

I Herøy er det 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure. I tillegg har ein 2 landbaserte anlegg for oppdrett av kveite og piggvar og. I tillegg har ein eit settefiskanlegg med konsesjon for 500.000 stk smolt.



Tab.4. Produksjon og verdi i matfiskanlegga for laks og aure i Herøy kommune dei siste åra:

ÅR	ANTAL	PRODUKSJON	VERDI
	ANLEGG	TONN	MILL. KR.
1990	4	948	26,0
1991	4	1.301	39,4
1992	4	876	27,2
1993	4	909	27,5
1994	4	1.057	32,0

Kilde: Fiskeridirektoratet

I 1994 var det ca 9 årsverk i desse anlegga.

I anlegget som driv smoltproduksjon var det god produksjon i 1994. Anlegget hadde 5 årsverk.

1 av dei landbaserte anlegga driv i liten målestokk med produksjon av piggvar.

Stolt Seafarm A/S sitt landbaserte kveiteanlegg på Mjølsteinneset har etter fleire år med pionerarbeid no kome godt i gong med kveiteoppdrett, og produksjonen er sterkt veksande i 1994. Det vart slakta ein del fisk ved anlegget i 1994. For tida driv firmaet med ei omfattande utbygging for å få større produksjonskapasitet. I meldingsåret hadde anlegget 8 tilsette.

Totalt var det ca 23 tilsette, i oppdrettsnæringa i kommuna i 1994.

### 8.0. SERVICE OVERFOR FISKERINÆRINGA.

Det er eit verft att i kommuna som driv med nybygging og reoperasjon/vedlikehald av større fartøy. Det er fleire mindre verkstadar med og utan slipp som utfører oppdrag for den veksande sjarkflåta og fritidsflåta.

I Herøy Industripark i Tjørvgå har vi firma som utviklar og produserer utstyr til fiskeflåta og fiskeindustrien.

I Fosnavåg er det eit notbøteri med skipshandel. Dei har også service for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri. Der er det og opplagsplass og slipp for mindre båtar.

Det er 2 redskapsfabrikker i Herøy. Den eine med skipshandel. Fabrikkane er dei seinare åra mykje modernisert, og har eit vidt produktspekter som vert seld både i Norge og på eksportmarkeda.

I kommuna har vi hatt ein relativ kontinuerlig prosess med utbygging og/eller opprustning av allereie eksisterande havneanlegg. Etter utbygginga av havna på Leinevika er det gjort mykje arbeid for å ruste opp Fosnavåg havn. Dette arbeid er no så godt som ferdig. For tida vert det arbeidd for å realisere ein større utbyggingsplan på Mjølsteinneset.

Utviklinga med stendig meir elektroniske og teknisk kompliserte apparat ombord i flåta set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinstallasjonar. Også på dette området har ein forretningar i Herøy som driv.

Den store fiskeflåta er ellers ein stor kunde på proviant, bunkers og anna utstyr til fiske som betyr mykje for handelstanden i Herøy.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste kjøper regnskapsteneste på etablerte regnskapskontor. Det største av desse er Skipsregnskap A/S som har regnskap og administrasjon for mange av båtane i kommuna.

I meldingsåret fekk ein i gong fiskeriutdanning gjennom grunnkurset i Naturbruk ved Herøy Videregående Skule. Det vert arbeidd for å vidareutbygge dette tilbudet til eit 3-årig løp. Vidare fekk ein etablert eit opplæringskontor for fiske og sjøfart i 1994. Dette kontoret skal vere bindeledd mellom skule og næringsliv når det gjeld fagopplæring innan fiskeri- og sjøfartsfag.